



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernområde**

Besøksadresse
Skinnarbu
3661 Rjukan

Postadresse
Postboks 2076
3103 Tønsberg

Kontakt
Sentralbord +47 33 37 10 00
Direkte +47 953 00 640
fmrtpost@fylkesmannen.no

Verneområdestyret for Brattefjell-
Vindeggen landskapsvernområde

Sakshandsamar Kristian Kvaalen Herregården

Vår ref. 2024/154 - 432.2

Dato 03.12.2024

Protokoll 02.12.24

Sakene: 30/24 - 34/24
Møtestad: Nutheim Gjestgiveri
Dato: 02.12.24

Følgjande medlemmer deltok:

Audun Dølen
Edvard Mæland
Kathrine Kvåle Haatvedt
Ragnhild Sølberg
Baiba Sheine

Følgjande varamedlemmer deltok:

Følgjande medlemmer/varamedlemmer hadde meldt fråfall:

Følgjande frå administrasjonen deltok:

Kristian Kvaalen Herregården

Audun Dølen
Leiar

Godkjenning av møteprotokollen:



Sak 30/24 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkalling og dagsorden blei samrøystes godkjend.

Sak 31/24 Søknad om endring og ombygging på Sudstaulen på Krakkset, gnr. 102 bnr. 2 i Seljord – Tov-Eirik Lien

Sakshandsamars framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev Tov-Eirik Lien løyve til endring og ombygging av eksisterande hytte, som inneber innkledning av dagens svalgang til bruk som opphaldsrom samt fasadeendring med vilkår. Tiltaket gjeld eigedomen Sudstaulen på Krakkset, gnr. 102 bnr. 2 i Seljord kommune, som beskriven i søknad dagsett 20.09.24 . Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta punkt 3.2 på vilkår.

Nye teikningar av hytte/fasade med reduerte vindaugsflater tilpassa lokal byggeskikk i området, må sendast til verneområdestyret og Seljord kommune for godkjenning før oppstart av byggearbeid.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Nye teikningar av hytte/fasade med reduerte vindaugsflater tilpassa lokal byggeskikk i området, må sendast til verneområdestyret og Seljord kommune for godkjenning før oppstart av byggearbeid.
- Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato. Om arbeidet ikkje er starta opp då, fell løyvet bort.
- Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som syner det nye bygget frå ulike vinklar, sendast verneområdestyret seinast to månader etter at tiltaket er avslutta.
- Sjøppel og avfall frå riving og byggearbeid skal sorterast og fraktast bort når arbeidet er ferdig.
- Det skal takast omsyn til naturverdiane i området under bygging og materialtransport. Ein skal vere spesielt merksam på villrein og sikre at den ikkje blir uroa som følgje av aktiviteten.

Det kan klagast på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt Tov-Eirik Lien.

Handsaming i verneområdestyret:

Verneområdestyret fremma følgande endring:

Ta bort vilkår i vedtak:

«Nye teikningar av hytte/fasade med reduerte vindaugsflater tilpassa lokal byggeskikk i området, må sendast til verneområdestyret og Seljord kommune for godkjenning før oppstart av byggearbeid.»

Ny tilleggssetning i vedtak:

Det er ønskeleg med noko reduerte vindaugsflater meir tilpassa lokal byggeskikk i området.

Forslag til nytt vedtak:

Verneområdestyret gjev Tov-Eirik Lien løyve til endring og ombygging av eksisterande hytte, som inneber innkledning av dagens svalgang til bruk som opphaldsrom samt fasadeendring med vilkår. Det er ønskeleg med noko reduerte vindaugsflater meir tilpassa lokal byggeskikk i området. Tiltaket gjeld eigedomen Sudstaulen på Krakkset, gnr. 102 bnr. 2 i Seljord kommune, som beskriven i søknad dagsett 20.09.24 . Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta punkt 3.2 på vilkår.



Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato. Om arbeidet ikkje er starta opp då, fell løyvet bort.
- Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som syner det nye bygget frå ulike vinklar, sendast verneområdestyret seinast to månader etter at tiltaket er avslutta.
- Sjøppel og avfall frå riving og byggearbeid skal sorterast og fraktast bort når arbeidet er ferdig.
- Det skal takast omsyn til naturverdiane i området under bygging og materialtransport. Ein skal vere spesielt merksam på villrein og sikre at den ikkje blir uroa som følgje av aktiviteten.

Det kan klagast på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt Tov-Eirik Lien.

Samrøystes vedtak i verneområdestyret:

Verneområdestyret gjev Tov-Eirik Lien løyve til endring og ombygging av eksisterande hytte, som inneber innkledning av dagens svalgang til bruk som opphaldsrom samt fasadeendring med vilkår. Det er ønskeleg med noko reduserte vindaugsflater meir tilpassa lokal byggeskikk i området. Tiltaket gjeld eigeiendommen Sudstaulen på Krakkset, gnr. 102 bnr. 2 i Seljord kommune, som beskriven i søknad dagsett 20.09.24 . Løyve er gjevne med heimel i verneforskrifta punkt 3.2 på vilkår.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato. Om arbeidet ikkje er starta opp då, fell løyvet bort.
- Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som syner det nye bygget frå ulike vinklar, sendast verneområdestyret seinast to månader etter at tiltaket er avslutta.
- Sjøppel og avfall frå riving og byggearbeid skal sorterast og fraktast bort når arbeidet er ferdig.
- Det skal takast omsyn til naturverdiane i området under bygging og materialtransport. Ein skal vere spesielt merksam på villrein og sikre at den ikkje blir uroa som følgje av aktiviteten.

Det kan klagast på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt Tov-Eirik Lien.

Sak 32/24 Referatsaker

Verneområdeforvaltar orienterte styret om delegerte saker sidan sist styremøte.

Sak 33/24 Eventuelt

Statens Naturoppsyn orienterte om deira arbeid og ansvar i verneområdet og synte fram observasjonar etter tilsynsrunde i verneområdet i haust. Verneområdeforvaltar fylgjer opp tilsynsrapporten. Det vart og gjennomført eit planleggingsmøte for 2025.

Frist for å søkje Miljødirektoratet om midlar og behov for neste år er 10. januar. Verneområdestyret ynskjer å vidareføre midlar og ressursar til oppføring av infotavler i 2025 samt driftsmidlar og midlar til tiltak knytt til naturrestaurering og skjøtsel av kulturlandskap i verneområdet.



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernområde**

Verneområdestyret ynskjer at forvaltar vidareformidlar informasjon til kommunane i Brattefjell-Vindeggen LVO om ulike statlege tilskotsordningar og midlar som kommunar, organisasjonar og grunneigarar kan søkje på for tiltak i verneområdet. Det kan eksempelvis vere tiltak knytt til naturrestaurering, skjøtsel og bevaring av kulturlandskap.

Verneområdestyret tek sikte på studietur og kompetanseheving i tidsromet 7. – 10. april 2025. Framover vil det bli jobba med å lage eit godt fagleg og relevant opplegg samt konkretisere tidspunkt, økonomi m.m.

Sak 34/24 Neste møte

Neste styremøte blir truleg i mars eller etter behov.

Med helsing

Kristian Kvaalen Herregården
seniorrådgiver